

Årsplan 2014-2016 for Det samfunnsvitenskaplege fakultet

INNLEIING

Årsplanen er treårig og vert revidert årleg. Universitetsstyret sine overordna prioriteringar er styrande for prioriteringane på fakultets- og instituttnivå. Kvalitet i forskning og utdanning er den overordna målsettinga for fakultetet, og førande for alle andre tiltak og aktivitetar. Universitetsstyret har vedteke at *grunnverdiar* skal vere hovudprioriteringa i 2014, medan *tverrfagleg verksemd* er hovudprioriteringar i 2015.

Sentrale målsettingar for SV-fakultetet i 2014-2016 er:

- Betre synleggjering av samfunnsvitenskapen si rolle når det gjeld å løyse globale utfordringar
- Auka internasjonalisering av forskning og utdanning
- Meir fagleg samarbeid mellom fakultetet sine grunneiningar
- Identifisere og utvikle lovande nye forskingsgrupper og –prosjekt
- Utvikle meir varierte undervisnings- og evalueringsformer

Eit grensesprengande universitet

Mål 1: Det samfunnsvitenskaplege fakultet skal vere mellom dei beste samfunnsvitenskaplege fagmiljøa i Norden og hevde seg sterkt i internasjonal samanheng.

Prioriterte strategiar

Fakultetet skal legge til rette for internasjonal utveksling, nettverksbygging og strategiske partnerskap med utvalde institusjonar og vere ein aktiv deltakar i European Research Area (ERA). Fakultetet skal bruke evalueringar og anna relevant statistisk materiale for å heve forskingskvaliteten.

Tiltak 1: Identifisere og utvikle lovande nye forskingsgrupper og –prosjekt

Stimulere til forskningssamarbeid på tvers av grunneiningar og fakultet. Bidra til at forskargrupper på fakultetet leverer gode søknadar til neste SFF-kunngjering.

Frist for gjennomføring: 2015

Milepelar for gjennomføring:

Tildele såkornmidlar (NOK 300 000 i budsjettet for 2014) etter søknad for å stimulere til kvalitetsutvikling og fagleg fornying.

Øyremerke to ph. d.-stillingar til lovande nye forskingsgrupper og prosjekt.

Ansvar: Forskingsdekan

Tiltak 2: Styrke samarbeidet med gode internasjonale forskingsmiljø og vere ein synleg og aktiv deltakar i European Research Area (ERA)

Stimulere til søknadsutvikling til Horisont 2020 og identifisere potensielle forskarar og forskingsgrupper ved fakultetet som har utsikter til å få finansiering frå Horisont 2020.

Arbeide for at internasjonale samarbeidsmuligheiter vert utnytta av forskarar og ph. d.-kandidatar.

Frist for gjennomføring: 2015

Milepelar for gjennomføring:

Tildele såkornmidlar (NOK 200 000 i budsjettet for 2014) til søknadsutvikling til Horisont 2020.

Sikre at to medarbeidarar frå fakultetet deltek i kurs om EU/EØS-kunnskap med vekt på forskingssamarbeidet i EU kvart år.

Vidareutvikle avtalar med utanlandske samarbeidspartnarar.

Synleggjere internasjonalt samarbeid på fakultetet sine nettsider

Ansvar: Forskingsdekan

Tiltak 3: Vere premissleverandør og bidragsytar til relevante tverrfakultære satsingar (som t.d. UiO:Energi, Life Science, eit mogleg masterprogram i Global Governance og forslaget frå Det humanistiske fakultet om tverrfakultær forskning på dei nordiske modellane)

Frist for gjennomføring: 2015

Milepelar for gjennomføring: God lokal fagleg forankring av UiO:Energi i fakultetet sine grunneiningar.

Følgje opp utviklinga av dei tverrfakultære satsingane som er vedtekne videreført ut 2015 (DEMOKRATI og PLUREL).

Konsekvensutgreie eit masterprogram i Global Governance

Vurdere om og eventuelt korleis videreføringa av Demokratiprogrammet bør koplatt til eit masterprogram i Global Governance

Halde fram som deltakar i Life Science satsinga og klargjere kva fakultetet sitt bidrag skal vere.

Vere representert i diskusjon om og utforming av sannsynleg ny tverrfakultær forskingssatsing på dei nordiske modellane.

Ansvar: Dekan

Tiltak 4: Styrke vitenskapleg publisering i Open Access

Betre tilgangen til forskingsresultat gjennom Open Access publisering og institusjonell arkivering av alle fagfelleverderte artiklar i UiO sitt kunnskapsarkiv (DUO).

Frist for gjennomføring: 2015

Milepelar for gjennomføring: Laste alle nye publikasjonar som vert registrerte i CRISTIN opp i DUO

Oppmode grunneiningane til å gje tilsette som ønskjer det assistanse med opplasting til DUO frå Cristin.

Ansvar: Forskingsdekan

Læringsuniversitetet

Mål 2: Det samfunnsvitskaplege fakultet skal utdanne høgt kvalifiserte kandidatar som er attraktive på arbeidsmarknaden og gje dei eit godt grunnlag for vidare utvikling som samfunnsmedlemmer og fagpersonar. Studiane våre skal vere forskingsbaserte og utdanne for avanserte oppgåveløysingar innanfor eit vidt spekter av arbeidsområde og gje eit godt grunnlag for vidare forskaropplæring gjennom vektlegging av teori og metodar.

Prioriterte strategiar

Fakultetet skal vere i dialog med relevante aktørar i arbeidslivet om kompetansebehovet og arbeide for å betre kandidatane si formidling av eigen kompetanse etter fullført utdanningsløp.

Forskarutdanning er eit av fakultetet sine samfunnsoppdrag og viktig for framtidig rekruttering. Tettare oppfølging og integrering i fagmiljøet vil framleis vere viktige tiltak for å styrke kvaliteten i forskarutdanninga.

Tiltak 5: Internasjonalisering av studiane

Gjere emnetilbodet meir føreseieleg for innreisande studentar og bidra til internasjonalisering heime for studentar som ikkje reiser ut.

Stimulere til oppretting av fleire engelskspråklege emne (alle studieprogram bør ha minimum 30 SP engelskspråklege emne)

Frist for gjennomføring: 2015

Milepelar for gjennomføring:

Følgje opp dei grunneiningane som ikkje har tilstrekkeleg emneomfang på engelsk – dvs. ISS, ISV og SAI.

Ansvar: Studiedekan

Tiltak 6: Rekruttering til studieprogram

Sikre god rekruttering, betre kjønnsbalanse og kulturelt mangfald i studieprogramma.

Frist for gjennomføring: 2016

Milepelar for gjennomføring:

2014:

Utarbeide og sette i verk ein langsiktig rekrutteringsplan med konkrete mål og rekrutteringstiltak. Denne skal mellom anna omfatte faste skulebesøk, særleg til skular med høg andel minoritetar, og utvikling av samarbeid med MIFAK.

Rekrutteringstiltak i regi av grunneiningane skal koordinerast for å sikre samarbeid og idéutveksling.

Fakultetet skal også prøve ut konkurransar som tiltak for å auke interessen for samfunnsfag, til dømes i samband med Åpen Dag i mars. Følgje opp og evaluere rekrutteringstiltak ved PSI med tanke på effekt og overføringsverde til andre program med skeiv kjønnsbalanse.

Bruke alumniordningar meir aktivt i rekrutteringssamanheng.

1.6.2014: Søke om likestillingsmidlar for å sikre ressursar til oppfølging av relevante tiltak.

Ansvar: Studiedekan

Tiltak 7: Styrke EVU-tilbodet

Frist for gjennomføring: 2014

Milepelar for gjennomføring:

Årsplan 2014-2016 – Det samfunnsvitskaplege fakultet

Vår 2014: Konsekvensutgreie (herunder gjennomføre marknadsanalyse) og fatte vedtak om oppretting, organisering og leing av erfaringsbasert masterprogram i Global Governance

Haut 2014: Arrangere oppstarts-/lanseringskonferanse

Ansvar: Dekan

Tiltak 8: Utvikle meir varierte undervisnings- og evalueringsmetodar

Legge til rette for auka bruk av sosiale media, elektroniske verkty, munnlege presentasjonar med tilbakemeldingar og fleirvalsprøver på ein måte som støttar opp under læringsmåla og hevar studiekvaliteten på programma.

Frist for gjennomføring: 2014

Milepelar for gjennomføring:

ISV, ISS og SAI søkte og fekk tildelt stimuleringsmidlar i 2013, respektive 40 000, 50 000 og 10 000 kr. Bruke erfaringane frå 2013 og halde fram med utprøving av alternative metodar

Tildele stimuleringsmidlar (NOK 100 000 i budsjettet for 2014) for vidare utvikling/utprøving, særleg med tanke på fleirvalsprøver, eventuelt også utvikle «Moocs».

Ansvar: Studiedekan

Tiltak 9: Intern gjennomgang av studieprogramporteføljen og emneporteføljen på alle studieprogram

Alle studieprogram skal innehalde internasjonale komponentar og porteføljeutviklinga skal følgje dimensjonane som er trekte opp i UiOs Strategi 2020 med tanke på internasjonal profil, livslang læring, tverrfagleg undervisning, innovasjon og nasjonalt samarbeid og arbeidsdeling.

Gjennomgå emneporteføljen med utgangspunkt i at kunnskaps- og ferdigheitskrav, som pensumsomfang og evalueringsformer, skal vere tilstrekkeleg utfordrande for studentane. Vurdere om praksis kan innførast i nokre emne.

Frist for gjennomføring: 2014/2015

Milepelar for gjennomføring:

2014: Følgje opp tiltaka i evalueringsrapporten om dei tverrfaglege bachelorprogramma.

Vår 2014: Arrangere workshop med systematisk gjennomgang av emneporteføljen på alle studieprogramma.

Ansvar: Studiedekan

Tiltak 10: Delta aktivt i utviklinga av Lektorprogrammet (LeP) ved UiO

Halde fram dialogen med Institutt for lærarutdanning og skoleforskning (ILS) ved Det utdanningsvitskaplege fakultet for å etablere ein ny studiemodell og sikre rekruttering av didaktikarar i samfunnsfag.

Frist for gjennomføring: 2015

Milepelar for gjennomføring:

Våren 2014: Avklare kva for samfunnsfaglege emne som skal inn i ny studiemodell.

2014: Arbeide for å auke opptaksramma til samfunnsfagleg studieretning

Ansvar: Studiedekan

Tiltak 11: Utvikle betre styringsdata som grunnlag for studietiltak

Analysere årsaker til fråfall og lav studiepoengproduksjon innan ulike studieprogram for å kunne sette i verk effektive tiltak. Vurdere ordning med årleg

midtvegsrapportering frå studentar på bachelorprogramma.

Frist for gjennomføring: 2015

Milepelar for gjennomføring: Nedsette ei arbeidsgruppe på fakultetet som vurderer tilgjengeleg statistisk materiale (FS, DBH, Bok-kula).

Ansvar: Studiedekan

Tiltak 12: Legge til rette for ei eittårig påbygging av utanlandske eitt-årige mastergrader

Dette vil verte ei *de facto* fellesgrad som gjev ein fullverdig (2-årig) mastergrad, og grunnlag for opptak til ph. d.-programma ved fakultetet. Påbygginga kan også brukast som EVU for samfunnsforskarar.

Frist for gjennomføring: 2014

Milepelar for gjennomføring: Informere om ordninga og utarbeide retningslinjer

Ansvar: Studiedekan

Tiltak 13: Utvikle strukturen på ph. d.-programmet for å betre kvaliteten og auke gjennomstrøyminga

Prøve ut grunnleggande kurs frå ph. d.-utdanninga i ei eiga forskarlinje på masterprogrammet. Fremje meir nasjonalt/internasjonalt samarbeid om ph. d-emne og gjere den totale emneporteføljen meir føreseieleg for kandidatane.

Skaffe betre oversikt over årsaker til fråfall og forseinkingar i ph.d-løpet. Vurdere tiltak for å følgje opp kandidatar som er forseinka i studieløpet (undervegs/etter utløpet av perioden)

Frist for gjennomføring: 2016

Milepelar for gjennomføring:

Vår 2014: Gjennomføre pilot på ØI. Legge til rette for god informasjon om ordningen.

2015: Første opptak

2017: Evaluering av piloten

Vår 2014: Arbeide for felles fristar for fleire av ph. d.-emna. Legge inn ph. d-emne i søknader om ekstern forskingsfinansiering. Følgje opp koordineringa mellom institusjonane nasjonalt i regi av nasjonalt fakultetsmøte. Bruke eksisterande undersøkingar for å sikre betre oversikt over årsaker til fråfall og forseinkingar.

Ansvar: Forskingsdekan

Tiltak 14: Evaluering av vitskapsteorikurset for ph.d.-kandidater

Vurdere kursorganisering og ressursbruk.

Frist for gjennomføring: 2014

Milepelar for gjennomføring:

Vår 2014: Følgje opp evalueringa frå 2013 og gjennomgå kostnader

Ansvar: Forskingsdekan

Tiltak 15: Delta i og følgje opp «Kandidatundersøkelsen for bachelor-, master- og ph.d.-kandidater»

Frist for gjennomføring: 2014

Milepelar for gjennomføring:

2014: UiO gjennomfører kandidatundersøkinga, og SV-fakultetet deltek

Følgje opp funna i kandidatundersøkinga
Ansvar: Studiedekan og forskingsdekan

Tiltak 16: Utvikle tiltak for å sikre god oppfølging av ph. d.-rettleiarar og tilby kandidatane relevante generiske kurs

Frist for gjennomføring: 2014
Milepelar for gjennomføring:
Evaluere møta i Veilederforum
Drøfte om det bør stillast krav til studieretningene om å følgje opp lokal rettleiaropplæring og avklare arbeidsdelinga mellom fakultet og fagstøtte sentralt på dette feltet.
Arrangere kurs i populærvitskapleg formidling for ph. d.-kandidatar i samarbeid med det Humanistiske fakultet
Ansvar: Forskingsdekan

Tiltak 17: Synleggjere karrierevegar for ph. d.-kandidatar

Frist for gjennomføring: 2014
Milepelar for gjennomføring:
Vurdere samarbeid med Karrieresenteret med tanke på å tilby ph.d.-kandidatane karriererettleiing
Vurdere mal for karrieresamtale med ph.d.-kandidatane, som kan gjennomførast tidleg i ph.d.-løpet
Utvikle gode strategiar for ph.d.-kandidatar som ønskjer ein akademisk karriere
Vurdere mogleg samarbeid om ph.d.-kandidater under Offentlig- og Nærings-ph.d.-ordningene i Forskingsrådet.
Delta i UiO sitt Arbeidslivsråd
Ansvar: Forskingsdekan

Eit samfunnsengasjert universitet

Mål 3: Dei globale samfunnsutfordringane, som t.d. klima, miljø, energi, helse, migrasjon, aldring, fattigdom og tryggleik, kan ikkje løysast utan samfunnsvitskapleg forskning. Fakultetet skal vere ein naturleg strategisk partner i alle større tverrfaglege forskingssatsingar og bidra med samfunnsvitskaplege perspektiv på globale utfordringar.

Prioriterte strategiar

Fakultetet skal arbeide systematisk med profilering og formidling, både internt og eksternt. Fakultetet skal ta initiativ og nytte seg av dei høve som byr seg til synleggjering, til dømes Forskingsdagane og Eilert Sundt-forelesinga. Fakultetet skal halde fram med forskingsbasert formidling og profilering av forskning på egne nettsider.

Tiltak 18: Synleggjere SV-fakultetet og samfunnsvitskapleg forskning

Sv.uio.no skal formidle breidda av forskning ved grunneiningane, både gjennom nyhendessaker og gjennom fana *Forskning – Vi forsker på* .
Profilere fakultetet på ein god måte gjennom ulike arrangement.
Bidra med innspel til policy-dokument ved UiO og nasjonalt.

Frist: 2015
Milepelar

Årsplan 2014-2016 – Det samfunnsvitskaplege fakultet

Nominere SV-tilsette til prisar og utmerkingar.
Synleggjere fakultetet sine forskingsbidrag til Grunnlovsjubileet 2014.
Synleggjere aktivitetar og forskning gjennom til dømes Våg og vite prisen, Sentralbanksjefens tale, Eilert Sundt forelesinga, Ekkoloddet mm.
Bruke sosiale media til å profilere forskinga ved fakultetet.
Vere synleg på Forskingstorget 2014
Ansvar: Dekan

Tiltak 19: Følgje opp handlingsplan for kommunikasjon

Frist for gjennomføring: 2015
Milepelar for gjennomføring:
Handlingsplanen for formidling og for fakultetet sine nettsider viser prioriteringane for 2014 og 2015
Ansvar: Fakultetsdirektør

Tiltak 20: Delta i Grunnlovsjubileet 2014-Menneskerettigheter-Demokrati- Ytringsfrihet

Frist for gjennomføring: 2014
Følgje opp universitetet sitt engasjement i jubileet og bidra til synleggjering av innsatsen på feltet
Ansvar: Dekan

Eit handlekraftig universitet

Mål 4: Det samfunnsvitskaplege fakultet skal forvalte sine samla ressursar slik at dei bidreg til at fakultetet utviklar robuste forskings- og utdanningsmiljø av høg kvalitet..

Prioriterte strategiar

Fakultetet skal arbeide for å sikre ekstern finansiering som bidreg positivt til å styrke forskning på prioriterte område ved grunneiningane. Fakultetet skal støtte opp under innovasjonsinitiativ retta mot næringsliv, offentleg forvaltning og friviljug sektor.

Tiltak 21: Bidra til ein enklare kvardag for prosjektleiarar

Innføre og utvikle god administrativ støtte til leiarar av eksternt finansierte forskingsprosjekt

Frist: 2014

Ta i bruk nye malar og prosjektrapportar som lettar oppfølging for prosjektleiing (forskaren) og prosjektleigar (instituttleiar). Rapportane skal gje oversikt over korleis prosjekta verkar inn på institutta sin basisøkonomi. Settast i verk frå og med 1.1.2014.
Ansvar: Fakultetsdirektør / økonomileiar

Tiltak 22: Følgje opp tiltaksplanar under prosjektet «Internt handlingsrom»

IHR som prosjekt vert avslutta i 2013. Fakultetet skal bidra aktivt til god arbeidsdeling mellom institutt, fakultet og sentrale støtteavdelingar.

Frist for gjennomføring: 2014

Milepæl:

Følgje opp arbeidsprosessar og legge til rette for gode rutinar og gjennomgå fakultetet sine administrative nettverk

Ansvar: Fakultetsdirektør

Det gode universitetet

Mål 5: Fakultetet skal ha attraktive og konkurransedyktige fagmiljø med godt arbeidsmiljø for studentar og tilsette. Arbeidsmiljøet skal vere kjenneteikna av likeverd og respekt, engasjement og deltaking.

Prioriterte strategiar

Fakultetet skal styrke leiing og avklare forventningar til leiarskap. Fakultetet ha ein målretta og effektiv ressursbruk og arbeide for hensiktsmessig og rasjonell arbeidsdeling mellom grunneiningar og mellom grunneiningar og fakultet.

Tiltak 23: Alle tilsette skal ha tilbod om personleg og fagleg utvikling.

Behovet for kompetanseutvikling skal vere tema i medarbeidersamtalar og det skal utviklast eit tilbod tilpassa behov og tilgjengelege ressursar (jf. UiO Årsplan).

Frist for gjennomføring: 2014

Milepelar: Evaluere og følgje opp bruken av medarbeidersamtalar ved grunneiningane i møte med instituttleiarane i desember

Ansvar: Dekan

Tiltak 24: Gjennomgå styrings- og leiingsstruktur og sikre framtidig rekruttering av leiarar på ulike nivå ved fakultetet

Sikre at alle nye leiarar ved fakultetet får tilbod om leiaropplæring. Legge til rette for framtidig leiarrekruttering og ein forsvarleg og effektiv leiings- og styringsstruktur.

Frist for gjennomføring: 2015

Milepelar: Arrangere kurs med tema «Lyst på leing» i 2014. Oppmode til deltaking i leiar kurs i regi av UiO i 2014 og 2015 (særleg studieleiar- og forskingsleiar kurs).

Planlegge opplæring av nye leiarar i 2015. Avklare spørsmålet om val av leiar- og styringsstruktur med tanke på nyval for perioden 2015-2018.

Ansvar: Dekan

Tiltak 25: Sikre at alle vitenskaplege tilsette har pedagogisk basiskompetanse

Følgje opp at alle vitenskaplege tilsette oppfyller krava til pedagogisk basiskompetanse. Tilby kurs på engelsk tilpassa tilsette med ikkje-nordisk språkbakgrunn og vurdere kortare kurs tilpassa mellombelse tilsette (stipendiatar og postdoktorar).

Frist for gjennomføring: 2014

Milepelar for gjennomføring:

Fagområdet for universitetspedagogikk har øyremerkte ressursar til samarbeid med SV-fakultetet. Sikre betre kurstilpassing for stipendiatar og postdoktorar i dialog med FUP. Syte for at institutta har oppdaterte oversikter over tilsette som ikkje har oppfylt krava.

Ansvar: Dekan

Tiltak 26: Følgje opp fakultetet sin handlingsplan for likestilling for perioden 2012-2020.

Frist: 2014

Evaluere planen med tanke på tiltak og effekt. Drøfte eventuelt behov for revisjon av planen i Likestillingsutvalet.

Ansvar: Fakultetsdirektør

Tiltak 27: Sikre eit forsvarleg forskings- og læringsmiljø for tilsette og studentar.

Betre det fysiske læringsmiljøet, sikre branntryggleik og gje alle studentar lik tilgang til læringsressursar (universell utforming). Arbeide for å sikre fakultetet naudsynne framtidige areal i samband med drøftingane i kjølvatnet av ny masterplan for areal ved UiO. Følgje opp mindre prosjekt ved fakultetet.

Frist for gjennomføring: 2014

Milepæl: Ombygging av 2., 3., 4. etasje Eilert Sundts hus 2013/2014

Innflytting mars/april 2014

Ombygging/tilpassing PSI 2014

Ombygging/tilpassing ØI 2014

Opprusting av foaje Eilert Sundts hus 2014 (NOK 1mkr i fakultetets budsjett 2014)

Kabling av leseplassar 2015

Vedlegg: Tabellar

- 1. Resultatindikatorar (2010 – 2013) med ambisjonar for 2014-2016**
- 2. Grunnlagsdata for resultatindikatorane (2010-2013) med ambisjonar for 2014-2016**

Tabell 1. Resultatindikatorer med ambisjoner	Resultater				Ambisjoner	Ambisjoner	Ambisjoner
	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Nye studiepoeng per heltidsekvivalent Tall fra notat som grunnlag for diskusjon i plandialog 23.9.2011	38,3	42,5	42,7	*	42,8	42,9	43
Gj.snittlig gj.føringstid ph.d.-kandidater	4	3,8	3,7	*	3,5	3,5	3,5
Studentmobilitet - Andel utvekslingsstudenter av tot andel stud	9,30 %	8,80 %	9,50 %	*	10,0 %	11,0 %	12,0 %
Publikasjonspoeng pr vit. årsverk UiOs ambisjon 2014: 1,3	1,52	1,59	1,37	*	1,5	1,6	1,7
EU-tildeling - volum i tusen. UiOs ambisjon 2014: 90% vekst av gjsn siste 3 år	5 569	2 080	14 607	*	16 000	18 000	20 000
NFR-tildeling - volum i tusen. UiOs ambisjon 2014: 7% vekst av gjsn siste 3 år	46 652	48 815	68 517	*	70 000	70 000	70 000

Tabell 2. Grunnlagsdata for resultatindikatorane	Resultater				Ambisjoner	Ambisjoner	Ambisjoner
	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Antall publikasjonspoeng. UiOs ambisjon 10% vekst	476,9	510,4	494,9	*	525	560	595
Antall vit.årsverk inkl. stipendiater	314	317	354	*	350	350	350
Antall utvekslingsstudenter. UiOs ambisjon: 10,5% av tot ant studenter	514	469	477	*	502	552	602
Antall nye studiepoeng	3 270	3 213	3 176	*	3 424	3 432	3 440
Antall heltidsekvivalenter (høsttall)	5 213	4 590	4 467	*	4 800	4 800	4 800

*2013: Resultatene vil foreligge i mars 2013